

# **STYREPROTOKOLL**

Tysdag **9. april 2019** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Astri Furumo.

<b>MØTESTAD:</b>	Tysvær Rådhus, kantinen
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 16.20 – 17.30
<b>AV MEDLEMMENE MØTTE:</b>	Astri Furumo og Siv Bente Stople Østbø
<b>FORFALL:</b>	Simon Næsse (kort varsel)
<b>FRÅ SELSKAPET MØTTE:</b>	Dagleg leiar Toril Hallsjø
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Ingen
<b>INNKALLING:</b>	Godkjent (utsending pr. e-post 02.04.19)
<b>SAKSLISTE:</b>	Godkjent

## **Følgjande saker blei handsama:**

### **SAK 5/19 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 20.02.19**

#### **Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:**

Protokoll frå styremøtet 20.02.19 blir godkjent.

#### **Styrehandsaming 09.04.19:**

Styret hadde ingen merknader.

#### **Samrøystes vedtak 09.04.19:**

*Protokoll frå styremøtet 20.02.19 blir godkjent.*

### **SAK 6/19 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 09.04.19**

7. KS Bedrift – IKS må vente på enklere rapportering i Brønnøysundregisteret
8. NKRF om forvaltningsrevisjon i Kommunal Rapport 31.01.19
9. Sekretariatskonferansen 26.-27.03.19 på Lillestrøm – program og deltakarar.
10. IKA Rogaland IKS - innkalling til representantskapsmøte 10.04.19
11. Innkalling til representantskapsmøte 06.05.19

#### **Styrehandsaming 09.04.19:**

Dagleg leiar orienterte og styret kommenterte. Styreleiar meinte det var svært viktig å fram at formålet med forvaltningsrevisjon ikkje er å ta andre i å gjere feil, men å finne betre måtar å utføre oppgåvene på. FKT-konferansen hadde vore særst interessant og nyttig, spesielt for sekretariatet som har kommunar med konkurranseutsett revisjon.

KS-advokatane hadde gjeve tilbakemelding om at dei ikkje hadde høve til å kome og helde foredrag i etterkant av representantskapsmøtet. Dei viste til at kommunelovforedraget ligg tilgjengeleg på nett, då den siste regionsamlinga i Akershus og Østfold blei filma.

Styret gjorde framlegg om at dagleg leiar i staden orienterer representantane om kontrollutvala sin aktivitet i nabokommunane dei siste åra og om deira kommande prosjekt. Ved slik utveksling av informasjon kunne representantane bringe dette vidare til sine kommunar.

**Samrøystes vedtak 09.04.19:**

*Styret tar referatsakene 7 - 11 til orientering.*

**SAK 7/19 – STATUSOVERSIKT PR. APRIL 2019**

**Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:**

Statusoversikt pr. april 2019 blir tatt til orientering.

**Styrehandsaming 09.04.19:**

Dagleg leiar informerte om status om arbeidssituasjon, økonomi og planar. Økonomirapport pr. 09.04.19 ble ikkje delt ut, men munnleg orientert. Styret hadde ingen spesielle merknader.

**Samrøystes vedtak 09.04.19:**

*Statusoversikt pr. april 2019 blir tatt til orientering.*

**SAK 8/19 – GODKJENNING AV STYRET SI MELDING OG SEKRETARIATET SI ÅRSMELDING 2018**

**Dagleg leiar sitt forslag til innstilling:**

Styret si melding og sekretariatet si årsmelding 2018 vert godkjent og saka vert vidare sendt representantskapet til endeleg vedtak.

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vedtar årsmelding 2018 slik den er lagt fram.

Årsmeldinga vert oversendt samarbeidskommunane til orientering.

**Styrehandsaming 09.04.19:**

Årsmeldinga blei vedtatt slik den låg føre.

**Samrøystes vedtak 09.04.19:**

*Styret si melding og sekretariatet si årsmelding 2018 vert godkjent og saka vert vidare sendt representantskapet til endeleg vedtak.*

**og innstilling til representantskapet**

*Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vedtar årsmelding 2018 slik den er lagt fram.*

*Årsmeldinga vert oversendt samarbeidskommunane til orientering.*

## SAK 9/19 – GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR 2018

### Dagleg leiar sitt forslag til innstilling:

Årsrekneskapen for 2018 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit overskot på kr 65.327. Årets overskot vert lagt til opptent eigenkapital.

### Styrehandsaming 09.04.19:

Revisor hadde levert rein revisjonsmelding utan merknader. Styret hadde ingen merknader. Saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

### Samrøystes vedtak 09.04.19 og innstilling til representantskapet:

*Årsrekneskapen for 2018 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit overskot på kr 65.327.*

*Årets overskot vert lagt til opptent eigenkapital.*

## SAK 10/19 – BUDSJETT 2020 – BUDSJETTFORESETNADER OG RAMMER

### Dagleg leiar si innstilling:

Styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner framlegg til budsjett for 2020 slik det er lagt fram og inviterer representantskapet til å fatte følgjande vedtak:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2020 med følgjande rammer:

Inntekter 2020		Utgifter 2020	
Tilskot	2 149 000	Lønn- og sosiale utgifter	1 846 000
Andre inntekter	-	Driftsutgifter	303 000
<b>Inntekter totalt</b>	<b>2 149 000</b>	<b>Utgifter totalt</b>	<b>2 149 000</b>
Resultat	0		0

Eigartilskot frå eigarkommunane vert i 2020 følgjande:

Karmøy kommune	389 000
Haugesund kommune	389 000
Tysvær kommune	205 000
Vindafjord kommune	205 000
Sveio kommune	183 000
Sauda kommune	183 000
Etne kommune	183 000
Suldal kommune	183 000
Bokn kommune	113 000
Utsira kommune	110 000

Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, samt å disponera meirinntekter eller mindreutgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingent for deltakarkommunane ikkje blir auka.

**Styrehandsaming 09.04.19:**

Dagleg leiar gjorde merksam på feil i Bokn sitt tilskot i utsendt styrekart, men at i vedlegg var det rekna inn rett tal. Styret hadde ingen merknader til framlegget og slutta seg til innstillinga.

**Samrøystes vedtak 09.04.19 og innstilling til representantskapet:**

*Styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner framlegg til budsjett for 2020 slik det er lagt fram og inviterer representantskapet til å fatte følgjande vedtak:*

*Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2020 med følgjande rammer:*

<b>Inntekter 2020</b>		<b>Utgifter 2020</b>	
Tilskot	2 149 000	Lønn- og sosiale utgifter	1 846 000
Andre inntekter	-	Driftsutgifter	303 000
<b>Inntekter totalt</b>	<b>2 149 000</b>	<b>Utgifter totalt</b>	<b>2 149 000</b>
Resultat	0		0

*Eigartilskot frå eigarkommunane vert i 2020 følgjande:*

Karmøy kommune	389 000
Haugesund kommune	389 000
Tysvær kommune	205 000
Vindafjord kommune	205 000
Sveio kommune	183 000
Sauda kommune	183 000
Etne kommune	183 000
Suldal kommune	183 000
Bokn kommune	119 000
Utsira kommune	110 000

*Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, samt å disponera meirinntekter eller mindreutgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingent for deltakar-kommunane ikkje blir auka.*

**SAK 11/19 – ØKONOMIPLAN 2020 - 2023****Dagleg leiar si innstilling:**

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner økonomiplan for perioden 2020-2023:

	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
<b>Inntekter:</b>				
Tilskudd	2.149.000	2.224.000	2.302.000	2.383.000
Andre inntekter	0	0	0	0
<b>Totalt</b>	<b>2.149.000</b>	<b>2.224.000</b>	<b>2.302.000</b>	<b>2.383.000</b>
<b>Utgifter:</b>				
Lønn og sos. utg.	1.846.000	1.912.000	1.981.000	2.053.000
Driftsutgifter	303.000	312.000	321.000	330.000
<b>Totalt</b>	<b>2.149.000</b>	<b>2.224.000</b>	<b>2.302.000</b>	<b>2.383.000</b>
Resultat	0	0	0	0

**Styrehandsaming 09.04.19:**

Dagleg leiar orienterte om at det var lagt inn 3,5 % auke. Styret slutta seg til innstillinga og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

**Samrøystes vedtak 09.04.19 og innstilling til representantskapet:**

*Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner økonomiplan for perioden 2020-2023:*

	2020	2021	2022	2023
<b>Inntekter:</b>				
Tilskudd	2.149.000	2.224.000	2.302.000	2.383.000
Andre inntekter	0	0	0	0
<b>Totalt</b>	<b>2.149.000</b>	<b>2.224.000</b>	<b>2.302.000</b>	<b>2.383.000</b>
<b>Utgifter:</b>				
Lønn og sos. utg.	1.846.000	1.912.000	1.981.000	2.053.000
Driftsutgifter	303.000	312.000	321.000	330.000
<b>Totalt</b>	<b>2.149.000</b>	<b>2.224.000</b>	<b>2.302.000</b>	<b>2.383.000</b>
Resultat	0	0	0	0

## **SAK 12/19 – INTERKOMMUNUNALT ARKIV ROGALAND IKS – ENDRING AV SELSKAPSAVTALEN**

**Dagleg leiar si innstilling:**

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner endringane i selskapsavtalen til Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS slik det går fram av saken og i samsvar med vedlagte framlegg til ny selskapsavtale. Saken vert vidaresendt til representantskapet.

**Styrehandsaming 09.04.19:**

Dagleg leiar orienterte om framlegget. Styret slutta seg til innstillinga og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

**Samrøystes vedtak 09.04.19 og innstilling til representantskapet:**

*Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner endringane i selskapsavtalen til Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS slik det går fram av saken og i samsvar med vedlagte framlegg til ny selskapsavtale.*

**EVENTUELT**

Ingen saker var meldt eller blei tatt opp.

I følgje ny møteplan er neste styremøte sett til **tysdag 17. september.**

Styreleiar og dagleg leiar stiller på representantskapsmøtet 6. mai.

Aksdal, 9. april 2019

Astri Furumo (sign.)  
Styreleiar

Toril Hallsjø (sign.)  
Dagleg leiar